

KYRKJEBLAD

53. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1/99

LES I KYRKJE- BLADET

**Me har møtt
«1-åringar» i
misjonen.**

Les om dei side 3.

**Vaksdal Familikor
har starta opp.**

Les om det side 4.

**Side 4 og 5 finn de
4-åringar som fekk
«Mi kyrkjebok».**

**Stoff frå Farne Tider
finn de**

side 7.

**I vår skal de vera fleire
salmekveldar med
Salmar 1997 som
utgangspunkt.
Les om dei og
prosjektkor**

side 11.

Det er no over eit år sidan det kom nye kantorar i Vaksdal prestegjeld. Møt Tone Synnøve og Olav Arne Steinkopf på midtsidene (6 og 7). Der kan de lesa mellom anna om deira bakgrunn og tankar så langt i tenesta i Vaksdal.



Dale kyrkje er ei av kyrkjene der du kan høyra Tone Synnøve og Olav Arne boltra seg på orgelet.

Arkivfoto: Ragnvald Kringlebotten



STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 24. februar 1999. Bladet kjem ut i veke 12 som byrjar med 22. mars.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkevegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

**Kontortid: Tysdag og torsdag
kl. 09.00-13.30, onsdag kl.
10.30-13.30**

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70
88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyarar:
Ragnvald Kringlebotten,
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til: Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721
Dalekvam.

OBS

Som de ser av den faste spalta til venstre har me alleride nå forandra postnummera til det som vert gjeldande frå 1. mars.

Grunnen til at me gjer det, er at neste blad kjem ut ei god stund etter at dei nye postnummera er tekne i bruk.

Me dei skal altså ikkje gjelda før 1. mars og til så lenge får de nytta 5280 for Dalekvam, 5273 for Stanghelle og 5610 for Øystese.

**KVEN SKAL EG
SNAKKA MED?
KAN DU
LYTTA?**

Kirkens SOS startar nytt innføringskurs for frivillige medarbeidarar. Kurset startar torsdag **11. mars**. Siste søknadsfrist er **19. februar**.

Me tilbyr ei ryddig teneste med støtte og vegleiing så lenge du er i tenesta.

Du må vera over 22 år og du må kunna lytta meir enn du snakkar sjølv.

Dersom ein innringjar bed om det, må du kunna be ei bøn.

Velkomen til eit godt medarbeidarmiljø og ei utfordrande og meningsfull teneste!

Ring Kirkens SOS
tlf. 55 32 58 45
på dagtid.

**Konsert med
Julia Harbrecht**

Den tidlegare organisten i Vaksdal, Julia Harbrecht studerar no orgel i Bremen i Tyskland. Seinare dette året skal ho ha nokre eksamenar. No vil ho kome hit og presentere delar av konsertprogrammet for oss gjennom to konsertar.

**16. mars kl 19.30 i
Vaksdal kyrkje**

**21. mars kl. 16.00
i Eksingedalen kyrkje.**

På programmet har ho valgt mykje spennande musikk.

Komponistar som Buxtehude, Böhm og Bach er kanhende både kjende og ukjende namn. Denne tidleg-musikken og barokk-musikken krev eit artikulert spel, noko som passar og kling vel på desse to orgla.

Men me får og høyre meir romantisk musikk som t.d. Franck og Mendelsohn og nyare musikk som Messiaen. Alt i alt håpar med at dette kan falle i smak og at flest mogleg finn høve til å få oppleve denne flotte musikken.

T. S. Ø. S.



«1-åringar i misjonen» i spann med veteran.

Under møteveka til Nordhordland Indremisjon på Stanghelle i januar hadde Leiv Nesheim med seg to «1-åringar». Det var Janne Kari Gjerde og Solfrid Keilegavlen, som begge kjem frå Austrheim i Nordhordland. Me spurde dei kva det vil seia å vera «1-åring» i misjonen.

-Det vil sei at me arbeidar eit år i misjonen, i vårt tilfelle Nordhordland Indremisjon. Me reiser då rundt og vitjar ulike lag og organisasjonar som er tilknytta Nordhordland Indremisjon.

For det meste vert det vitjing til barne- og ungdomslag, men me er også med på møteveker, slik som her på Stanghelle. I tillegg til dette er me mykje med på leir på Raknestunet på Osterøy. Litt kontorarbeid vert det også, seier Janne Kari og Solfrid.

Spanande

-Korleis ser de på dette arbeidet?

-Det er spanande, utfordrande og det gjev veldig mykje. Du får veldig godt utbytte av det. Det er også kjekt å vert kjent med krinsen både menneskeleg og geografisk.

-Er de aldri nervøse?

-Jo, veldig ofte. Nervøse er me, men me veit at Gud er med oss. Det er sjølv sagt lov å vera nervøs, men også ein tryggleik i at me ik-

kje går i eiga kraft. Skulle me gått i eiga kraft, hadde me aldri klart dette året, seier «1-åringane».

Slit og glede

-Er det berre glede, eller litt slit også?

-Det er begge deler, men mest glede. Det er litt slitsamt at me heile tida helst skal vera på topp for å gje noko til andre.

-Korleis er det å farta rundt i ein slik stor krins, heilt frå Masfjorden i nord og ned til Bergen?

-Det kan vera slitsamt til sine tider, men me har eigen bil og då går det for det meste greitt, avsluttar Janne Kari og Solfrid.

Samarbeid

På møteveka på Stanghelle var desse to unge jentene saman med Leiv Nesheim.

-Og Leiv Nesheim korleis er det å vera saman med dei unge på denne måten?

-Det er veldig flott. Dei har ein fin måte å nå inn til folk på gjennom musikk, sang og tale. Og samarbeidet går fint, me har ikkje kranla, smiler Leiv Nesheim.

Stril

-Du Leiv Nesheim er vel godt kjent i Vaksdal kommune?

-Ja, er er fødd og oppvaksen på Nesheim i Eksingedalen. Då eg vart fødd hørde det til Evanger kommune. For 20 år sidan flytta eg ut. Først var kona mi, Ingunn, og eg nokre år i Finnmark før me gjorde strilar av oss og flytta til Knarvik.

-Eg har også forstått at du eit

par månader i året gjer noko heilt anna enn å forkynna?

-Ja, i mai og juni arbeider eg i Lindås kommune med plenklipping og anna fysisk arbeid. Det er godt for det kan ofte verta mykje daukjøt på oss preikarar, avsluttar Leiv Nesheim.

Me takkar for praten og ynskjer dei alle lukke til vidare, og bed dei koma med kvar si helsing til lesarane.

Ragnvald Kringlebotten



Solfrid helsar med *Salme 32,8*: «Eg vil læra deg og visa deg den vegen du skal gå. Eg vil la mitt auga kvila på deg og gje deg råd.»



Janne Kari helsar med *Job 35,14*: «Jamvel når du seier at du ikkje ser han, ser han di sak og du må venta på han.»



Leiv helsar med *Jesaja 55,6*: «Søk Herren medan han er å finna, kall på han den stund han er nær!»

NYTT FAMILIEKOR

Søndag 24. januar var første øvingsdagen for det nystarta Vaksdal Familiekor. Neste øving er 14. februar kl. 16.30.

Koret øver i Dale kyrkje og dei har øving omlag kvar tredje søndag. Dei som vil vera med i koret får utlevert semesteroppsett på øvingane.

-Målet er at heile familien skal syngja i lag. Born i fylgje med foreldre, besteforeldre eller andre vaksne er velkomne til å vera med, seier korleiar Merete Kjelby. Songutvalet vil vera på borna sine premissar.

-Me legg stor vekt på det sosiale, fortel Kjelby, der me kan snakka saman over ein kopp kaffi, te eller saft, og det er ikkje noko opptakskrav for å vera med.

Olav Arne Steinkopf vil leia bandet som syter for musikk til koret, og han får med seg Frode Kvamsøe og Arve Rødland i bandet.

Styreleiar er Kristi Kvamsøe som har med seg Elisabeth Dyrhol som kasserar og Ragna Lid som sekretær. Arve Rødland er også med i styret.

4-åringar i Dale kyrkje

På biletet til høgre ser me 4-åringane som fekk «Mi kyrkje-bok» i Dale kyrkje 15. november 1998.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Koret skal opptre fyrste gong ved gudstenesta i Stamnes kyrkje 2. påskedag, 5. april, avsluttar Kjelby.

R.K. På biletet under ser me fv.

Kristi Kvamsøe, Olav Arne Steinkopf og Merete Kjelby med Sara Marie, 2 1/2 år på fanget, frå Vaksdal Familiekor.

VP-foto: Linda Lien



Speidarfest

Søndag 8. november 1998 var det speidarfest i Stamnes bedehus.

Før festen deltok speidarane på familiegudsteneste i Stamnes kyrkje. På gudstenesta deltok dei med song og tekstlesing.

Speidarane hadde lagt opp til eit allsidig program på festen der både skjemt og alvor fekk plass.

På festen vart meiser tekne opp som stifinnarar.

Foreldre og andre kosa seg på festen og fekk nyta god mat og drikke. Me fekk også sjå ljusbilerte frå aktivitetane i 1998, der mellom anna landsleiren på Brusand på Jæren var eit av høgdepunkta.

Ragnvald Kringlebotten



Speidarane deltok med song under familiegudstenesta i Stamnes kyrkje 8. november 1998.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Bergsdalen

På biletet over ser me 4-åringar i Bergsdalen med «Mi kyrkjebok» saman med dei som fekk «Godt Nytt» og «Vener i Kyrkja» søndag 15. november 1998.

Foto: Per Småbrekke




Stamnes

På biletet over ser me 4-åringar som fekk «Mi kyrkjebok» i Stamnes kyrkje 8. november 1998.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

SAMAN I ARBEID OG FRITID



Olav Arne og Tone Synnøve framfor nokre av orgelpipene sine. Foto: Reidar Takvam

Det er no over eitt år sidan det kom nye kantorar i Vaksdal prestegjeld. Olav Arne Steinkopf (30) byrja i januar i fjor, Tone Synnøve Øygard Steinkopf (26) tok til fyrst i juni grunna morspermisjon. Med i familien er Ingrid (3 1/2) og Sigurd (1 1/2), og dei er busette i ein av dei kommunale bustadane på Stanghelle. Olav Arne og Tone Synnøve spelar i hovudsak i kyrkjene på Vaksdal, Dale, Stamnes og i Bergsdalen. I dei andre kyrkjene i prestegjeldet er framleis Asbjørn Nese organist. Før dei kom hit, var Olav Arne organist i Rødtvedt i Oslo i fire år, han byrja der i slutten av studietida. Tone Synnøve var organist i Høybråten i om lag 3 1/2 år, samstundes med studier og morspermisjon. Å finne ut kvar familien kjem frå er som å få ei oppfriskning av

kunnskapen i Noregsgeografien. Tone Synnøve er fødd i Bergen, og budde lenge på Stend. Seinare vart det Elnesvågen i Fræna i Romsdalen, Sør-Sudan (som ikkje er i Noreg, nei), Kongshaug i Os, Bergen og Oslo. Olav Arne er også fødd i Bergen, seinare har han budd på Støren i Sør-Trøndelag, Avaldsnes på Karmøy og i Bergen og Oslo. Ingrid og Sigurd er fødte i hovudstaden.

- Kvifor valde de Vaksdal ?

-Gode orgel på Vaksdal og Dale hadde mykje å seie. Arbeidet kan vi dele likt slik at begge får høve til å spele i alle kyrkjene.

- Før var det organist, no er det kantor. Kva er skilnaden?

Kantor-tittelen er ein beskytta tittel, og kan nyttast av dei med minst tre år utdanning innan kyrkjemusikk. Men oppgåvene er i utgangspunktet dei same som or-

ganisten sine. Sjølve tittelen tyder «den som leier songen».

- Kvifor vart det musikk og kyrkjemusikk på dykk?

Tone Synnøve: -Eg vaks opp med song og musikk, det har alltid vore naturleg for meg å drive med musikk. Eg hadde aldri nokon særskild tanker om å verte noko innan musikk, men eg kjenner det slik at det er naturleg for meg å nytte dei gåvene og evna eg har fått. Etter folkehøgskuleåra i Os ville eg søkje Musikonservatoriet i Bergen for å verte pianopedagog. Men då var eg for ung til å byrje der, og søkte i staden på lina for kyrkjemusikk. Frå konfirmanttida av har eg spela til gudsteneste, og hadde vore organistvikar i fire somrar før folkehøgskulen.

Olav Arne: -Slik eg kjenner det, har ting vorte lagt til rette for meg

gjennom val av instrument, studie og arbeid.

Eg byrja tidleg å spele piano, men slutta seinare til fordel for trommer. Fyrst spela eg skarp-tromme i korps, så vart det slagverk i Ten-Sing kor og diverse band. Piano tok eg opp att etter ei tid, med god drahjelp av ein eldre bror. På gymnaset gjekk eg musikklinja, med undervisning i både trommer og piano. Då vi budde på Avaldsnes kom det nytt orgel i kyrkja. Det fekk eg prøve å spele på, og etter kvart undervisning i, av gode lærarar. Også for meg vart det kyrkjemusikklinja på Musikk-konservatoriet i Bergen etterpå.

- Korleis går det å vere både kollegar og ektefeller?

-Vi var spente på korleis det skulle gå. Vår musikalitet er forskjellig, mellom anna har vi ulik spisskompetanse. Tone Synnøve har høgaste utdanning innan kor, Olav Arne innan orgel. Som musikarar respekterer vi kvarandre, og føler at vi utfyller kvarandre med dei ulike sidene vi kan best. Men det krev planleggjing og organisering å ha det slik, også i høve familielivet. Det hadde ikkje gått så bra utan to bilar! Og sidan vi er saman både i arbeid og fritid, er det ofte vanskeleg å skilje mellom dei to høva. Det vert ofte til at vi snakkar arbeid til dømes under eit måltid. Men dette gjer samstundes samarbeidet smidig og lettare, slik vi kjenner det.

- Korleis opplever de arbeidet i kyrkjelydane i prestegjeldet etter dette fyrste året?

-Vi har vorte godt mottekne, og møtt positive menneske som har gjeve oss kjensle av å vere inklu-

dert i fleire høve. I arbeidet er det gode kollegafellesskap og arbeidtilhøve, med vilje til å prøve ut nye tankar og idèar.

I gudstenesta er fellesskapet viktig. Ho må vere ein møtestad for eit godt kristent og sosialt fellesskap. Difor skulle vi ynskje at det var ein form for kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste. På det viset vil vi ikkje berre ha sett nakane til kvarandre før vi går kvar til vårt. Det er fellesskap folk lengtar etter. Dei ynskjer meir enn berre å vere til stades, eller å vere vitne til ei «forestilling».

Men med sju kyrkjer og 4200 innbyggjarar er det ikkje lett å samle folk frå dei ulike bygdene. Folk forlet ikkje så lett eigne kyrkjelydar. Det kan sjå ut som om dei gamle grensene mellom bygdene er vanskelege å kryssa - kan det vere grunna gamle bygdestridar?

Tone Synnøve: - Eg er van med å gå i kyrkja kvar søndag. Der ein har høve til det, er gudsteneste kvar veke det viktigaste som skjer i eit kristent menneske sitt liv.

- Kvifor?

-Møter, bibelgrupper osv er fint, men gudstenesta er på eit vis utgangspunktet for desse. Ho er frå før Jesus si tid, med ei meir enn 2000 år gamal historie. Det er noko med gudstenesta si eigenart og kvalitet som gjer at ho har overlevd, om enn med somme endringar, gjennom alle desse åra. Ho står i ei uendeleg tradisjon, som ikkje nokon av våre andre samkomer står i.

Frode Kvamsøe

FRÅ FARNE TIDER

Denne gongen tek me med nokre glimt frå februarnummeret i 1979.

Stamnes indremisjon 100 år

Laurdag 2. desember 1978 feira Stamnes indremisjon sitt 100-års jubileum. Krinssekretær Johan Åsgard tala. Det var mange helsingar og prolog skriven av Elise Straume.

Klokkarskifte i Bergsdalen

Klokkar i Bergsdalen kapell, Anders Fosse, fylde 70 år i 1978 og gjekk av. Anders Fosse var med i Evanger sokneråd avdi det då var eit sokneråd for heile prestegjeldet. Seinare var han med i Bergsdalen sokneråd. Der var han formann i 15 år. Han var også søndagsskulelærer i 20 år. Då det ikkje melde seg søkjar til den ledige stillinga tok Per Småbrekke på seg å vikariera mellombels. Det vart nok eit langt vikariat, for Per Småbrekke er der framleis både som klokkar og kyrkjetenar. Han har også ført tradisjonen vidare med å vera søndagsskulelærer.



Ny kateket-utdanning ved NLA

-Dei fem studentane som tek kyrkjelydspedagogikk eller kateketutdannng ved Norsk Lærarakademi, er pionerar i den forstand at eit slikt tilbod er nytt ved akademiet i Sandviken i Bergen. Samstundes har det alltid vore NLA sitt kall og oppgåve å utdanna til undervisningsoppgåver både i heim, skule, kyrkje og organisasjonar.

Det er Njål Skrunes ved Norsk Lærarakademi vit-skapeleg høgskule (NLA VH), som seier dette.

5 studentar er ikkje mykje, men det er i alle fall ein start. Dette er i første omgang eit eitårig kurs, men med dei tilboda NLA nå kan gje er det mogeleg å få med seg ei fullverdig kateketutdanning som går over 4 år.

Informasjon kan ein få ved
å ta kontakt med NLA,
tlf. 55 54 07 00.

På biletet under ser me fire av dei som studerer kyrkjelydspedagogikk ved NLA, frå v. Hans-Petter Dahl, Svein Anthun, Gudrun I. Cassel Noven og Turid Toft Ameyna.



Brød for verda

I arbeidsleirane på Den Dominikanske Republik lever ein million haitianarar som slavar av sukkerindustrien. Overleving er det einaste målet i livet deira. Med di hjelp kan vi gje dei håp og nye sjansar.



Ring 820 43 033 og gje 100 kroner eller bruk giro 110.



KIRKENS NØDHJELP

Sammen for en rettferdig verden

Postboks 4544, TORSHOV, 0404 OSLO

Brød for verda.

23. mars skal den årlege innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp vera.

I år vert det sett fokus på levekår i Haiti og Den Dominikanske Republik.

Kampen for det daglege brødet fører tusenvis av menneske inn i uverdige levekår for folk som arbeidar på sukkerplantasjar. Dei reiser frå fattigdom i Haiti til slavekår i Den Dominikanske Republik.

Innsamling

På Dale og Vaksdal vert det bøsseinnsamling tysdag 23. mars frå kl. 17.00 og utover.

Me oppmodar at de tek vel mot innsamlarane.



Kvinne- bønedagen



Den Internasjonale Kvinnebønedagen skal i år vera fredag 5. mars. **I Dale kyrkje vil den verta markert med ei samling denne dagen kl. 11.30**

I år er det kristne kvinner i Venezuela som har laga framlegg til program. Dei har forma temaet Guds kjærlege omsorg. Dei er takksame for at dei fekk oppleve Guds kjærleik tidleg i barneåra, heiter det i oppropet.

Dei vart opplærde til å be foreldra velsigna dei når dei kom saman. Ein slik vane veks ein ikkje ifrå, skriv dei.

Venezuela er eit land med store rikdomar både menneskeleg og økonomisk, men rikdomane er urettferdig fordelte. 80% av heimane lever i fattigdom.

Men på trass av dette seier bøndagskomiteen at dei er fulle av håp for framtida.

KYRKJESTADEN

DALE 100 ÅR

Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 150,-

hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam .
Tlf. 56 59 61 20

Leir i Sætervika, like ved Tysse.

26.02 - 01.03 10 -12 år
01.03 - 04.03 9 - 12 år
26.03 - 30.03 12 - 14 år

For informasjon og påmelding
ring eller skriv til:
Norsk Luthersk
Misjonssamband,
Ø. Muralm. 18, 5012 Bergen.
Tlf. 55 32 12 52
Faks. 55 32 15 34

Påskeleir Fagertun

Leir 1:

Fred. 26.03 - Månd. 29.03
4. - 7. klasse

Leir 2:

Onsd. 31.03 - Månd. 05.04
8. klasse og oppover

For informasjon og påmelding:
Norges Samemisjon
Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen.
Tlf. 55 31 65 06

KVAMSSETER

Skiweekend 26.02 - 02.03,
13 - 19 år. Saman med Laget.

Horisentleir 26.03 - 29.03
5. - 8. kl.

Familieleir 31.03 - 04.04

Ring NMS for informasjon
og påmelding:
Tlf. 55 31 00 61.

ÅRSMØTE I KYRKJE- LYDANE

Dale 14. februar rett
etter gudstensta
kl. 11.00.

Eksingedalen
14. februar rett
etter gudstenesta
kl. 11.00.

Bergsdalen 28. februar
rett etter gudstenesta
kl. 11.00.

Eidsland 7. mars rett
etter gudstenesta
kl. 11.00.

Stamnes 14. mars rett
etter gudstenesta
kl. 11.00.

Vaksdal 21. mars rett
etter gudstensta
kl. 11.00.

Alt i kjøkkeninnredning
Bad- og skyvedørsgarderober
Snekkerverksted

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Trelast og byggevarer

DALE TRELAST a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5280 Dalekvam

Nye Dale
VERTSHUS

5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.
Husk å bestille koldtbord til konfirmasjonen.



MEMLEMSFORDELER
kjøpeutbytte

DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01
Avd. Stamnes 56 59 82 03
Avd. Stanghelle 56 59 50 35



PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping
Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto
i 2. høgda Dale Handelsforening
tlf. 56 59 79 80

joker
DALE

K. Seim A/S,

Boks 114,
5280 Dalekvam
tlf. 56 59 62 23
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.

Jill Frisørsalong
RANDI OG EVA

Tlf. 56 59 64 44

Opningstider:

Onsdag og torsdag: 09.00 - 18.00
Mandag, tirsdag og fredag 09.00 - 16.30
Lørdag: 09.00 - 14.00



MEMLEMSFORDELER
kjøpeutbytte

**SAMVIREKELAGET
INDRE VESTLAND**

Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 75 01
Bygg Mix, Vaksdal Senter Tlf. 56 59 71 10
Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20

Velkommen til
Stambua kafe på Dale.

Du finn oss i 2. høgda i
Dale handelsforening.

Tlf. 56 59 60 90

Stambua AS
HELTILAGA MAT TIL KVARDAG OG FEST



PROSJEKTKOR

Syngeglade koristar kan glede seg til eit nytt prosjekt. Salmekveldar står på programmet. Det er mange salmar i «Salmer 97» som er ukjende og treng å lærast. Koret skal ta for seg nokre av desse og øva på dei slik at dei kan vera lettare for kyrkjelyden å lære songane under Salmekvelden.

Det er sett av to kveldar til øving. Tysdag 16.februar og tysdag 2.mars - kl.19.30 -21.30. Båe øvingane vert i Dale kyrkje. Den andre øvinga vert delvis med band. Alle som likar å syngje salmar og fine melodiar, er velkomne til å vera med.

SALMEKVELDAR

Denne våren vert det tre nye salmekveldar. Som sist gong er det «Salmer 97» som står på programmet. Også denne gongen vert det ein pause med enkel servering og sosialt samvær.

Salmekveldar er meint som kyrkjelyden sine øvingar til gudstenester og andre kyrkjelege samkome. Det er viktig at kyrkjelyden kjenner ting att og kan ta del i det som skjer. Ei gjennkjenningsglede gjer gudstenestelivet rikare og meir meningsfylt. Når det no etter kvart er tanken å innføre «Salmer 97» i alle kyrkjelydane i Vaksdal prestegjeld, ynskjer me som kantorar å gjere kyrkjelydane kjende med denne boka.

Det er tre nye kyrkjer som får vitjing denne våren. **Fredag 5.mars kl.18.30 i Stamnes kyrkje, laurdag 6.mars kl.15.00 i Nesheim kyrkje og søndag 7.mars kl.16.30 i Dale kyrkje.**

Det er andre salmar som skal lærast enn dei me tok for oss i haust. Skal ein få høve til å lære seg desse salmane, bør ein altså ta del på ein av desse salmekveldane.



**VAKSDAL
KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

LEDIGE STILLINGAR

Det vert lyst ut ledige stillingar i fylgjande kyrkjer:

- Nesheim: Klokkar og kyrkjetenar
- Eksingedalen: Klokkar og kyrkjetenar
- Eidsland: Klokkar
- Dale: Reinhaldar

Sjå lysing i Vaksdal Posten.

SLEKTERS GANG

DØYPTE



VAKSDAL


- 10.01 Alexander Ulvund Hagen
- 10.01 Camilla Dalseid

STAMNES

- 22.11 Pål Hvidsten Hesjedal

NESHEIM

- 06.12 Ingeborg Furevikstrand



AVLIDNE



DALE

- 21.11 Edvard Langhelle, f.1912
- 19.12 Magnhild Langeland, f.1915
- 21.12 Anders Johansen, f.1925
- 07.01 Ingrid Marie Straume, f.1917

VAKSDAL

- 31.10 Harald Vaksdal, f.1908

EKSINGEDALEN


- 18.11 Aasvald Lavik, f.1906
- 31.12 Helga Lavik, f. 1912

STAMNES

- 14.12 Gunnlaug Grøsvik, f.1915
- 10.01 Nils Vedå, f.1902
- 11.01 Anders Toskedal, f.1902
- 13.01 Anne (Annemor) Vik, f.1919

EIDSLAND

- 13.12 Gjertrud Møster1905



VIGDE




STAMNES

- 05.12 Tony Dæmring og Wencke Hatlevik

VAKSDAL

- 16.01 Rune Eilifsen og Hilde Melhus



VELKOMEN TIL KYRKJE



14.februar - Søndag før faste

DALE kl.11. Kvamsøe. Årsmøte.
EKSINGEDALEN kl.11. Familie-
gudsteneste. Dyrhol. Utdeling av
«Godt Nytt» til 5.kl.

17.februar - Oskeonsdag

STANGHELLE kl.19 Skriftemåls-
gudsteneste. Kvamsøe.

21.februar - 1.søndag i faste

STAMNES kl.11. .Skriftemåls-gud-
steneste. Kvamsøe. Nattverd.
VAKSDAL kl.18. Skriftemåls-gud-
steneste. Dyrhol. Nattverd. Offer til
IKO -Institutt for Kristen
Oppseding.

28.februar - 2.søndag i faste

DALE kl.11. Larsen Nattverd.
Offer til Den Norske Santalmisjon.
Bergsdalen kl.11. Famili-
gudsteneste. Dyrhol. Årsmøte.

Fredag 5.mars

STAMNES kl.18.30 Salmekveld.

Laurdag 6.mars

NESHEIM kl.15. Salmekveld.

7.mars - 3.søndag i faste

VAKSDAL kl.11. Larsen. Nattverd.
Offer til Radio Vaksdal.
Eidsland kl.11. Kvamsøe.
Årsmøte.
DALE kl.16.30 Salmekveld.

14.mars - 4.søndag i faste

STAMNES kl.11. Dyrhol.Nattverd.
Årsmøte.
DALE kl.18. Tomasmesse.
Nattverd. Dyrhol og Kvamsøe.

21.mars . Maria Bodskapsdag

VAKSDAL kl.11. Dyrhol. Offer til
«For livsrett og menneskeverd.»
VAKSDAL kl.18.00 Konsert med
Vaksdal Musikklag og Dale
Mannskor.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i
lokal-avisene og på plakatar for å
kontrollera m.a. klokkeslett for
gudstenestene.

PROSJEKTKORET

ØVER I DALE KYRKJE

Tysdag 16.februar kl. 19.30 - 21.30
Tysdag 2.mars kl. 19.30 - 21.30

SALMEKVELDAR

Fredag 5.3 kl.18.30 i Stamnes
Laurdag 6.3 kl.15.00 i Nesheim
Søndag 7.3 kl.16.30 i Dale

DALE KYRKJE

Søndag 14. mars kl.18.00

Tomasmesse

m/nattverd

Sokneprest Frode Kvamsøe,
kapellan Bård-Egil Dyrhol,
kantorene

Tone Synnøve Øygard Steinkopf
og Olav Arne Steinkopf

KONSERTAR

VAKSDAL KYRKJE

Tysdag 16.mars kl.19.30

Julia Harbrecht, orgel

EKSINGEDALEN KYRKJE

Søndag 21.mars kl.16.00

Julia Harbrecht, orgel

VAKSDAL KYRKJE

Søndag 21.mars kl. 18.00

Vaksdal Musikklag

Dale Mannskor

Sokneråds- leiarar og nestleiarar

Det har vore val av leiar og nest-
leiar i sokneråda nedanfor finn de
naman deira, leiarane står fyrst.

Dale:

Oddveig Straume og Ståle Hol.

Vaksdal:

Sollaug Boge og Tove Margrethe
Nordmark.

Stamnes:

Ove Magne Straume og Eidrun
Straume Normann.

Bergsdalen:

Lise-Lotte Småbrekke og
Ragna Lid.

Eksingedalen:

Asbjørn Lavik og Haldis
Fjellanger.

Nesheim:

Anne Synnøve Nesheim og
Albert Gullbrå.